

SKK-Nytt #4 /oktober 2000

Innhald

1. Referat frå medlemsmøtet 3. oktober
2. Første steget på etablering av elvegruppe i SKK
3. Heimesida vår på Internett
4. Lån (leige) av klubben sine kajakkar
5. Terje Sæle har starta sal av kajakkar, kanoar og utstyr
6. Endring av samarbeidsavtala med Din Sport.
7. Bygge eigen hav kajakk?
8. Opplagg framover for opplæring, trening og turar

1. REFERAT FRÅ MEDLEMSMØTET 3. OKTOBER

Om lag 20 møtte opp i Elvahuaset på haustens første medlemsmøte. 5 (?) av desse var nye så viss (når) desse og melder seg inn i SKK, så nærmar vi oss 40 medlemmar (!). Med gulrotkake (takk, Karna Lise), småkaker, kaffi og te, og ein munter møtelyd, så vart dette ein riktig triveleg kveld for dei fram møtte.

Sak 1 - Oppsummering av aktiviteten i SKK så langt

- Sist vinter var det stor interesse for treningane vi hadde i symjehallen og det vart uttrykt ynskje om å ha det også denne vinteren.
- I april starta vi med trening ute. Treningane vart lagt til torsdag kl. 17.30, med oppmøte yst på Øyrane i Førde, ved asfaltverket. Det har stort sett vore folk kvar einaste torsdag, men det har blitt til at det er nokre få som har gått igjen. Men tilbodet vil stå ved lag, så det blir vel fleire på treningane etter kvart.
- Turane til Solund, Kinn og Bulandet vart gjennomført med stor suksess og få deltakarar. Verst for alle dåkke som ikkje nytta høvet til å oppleve storslått kystnatur. Ein lærer og svært mykje på slike turar og viktigast av alt, det er innmari kjekt. Men folkens - det går fleire tog
- Opplagget med å ta ein dagstur i helgane, er noko fleire av oss har vore med på, men også her er det stort sett dei same som går igjen. Vi har hatt mange fine turar, både i sol og regn. Stort sett går turane frå ein stad på nordsida eller sydsida av Førdefjorden og har vart frå to til fem timar. Omkvedet er unisont, dette må vi halde fram med.
- Det har vore liten oppslutnad om fellesaktivitetane vi har lagt opp til. Som nemnt ovanfor, så har det stort sett, vore dei same (få) som har gått igjen på trening og turar. Vi snakka noko rundt dette temaet. Det kom tydeleg fram at mange hadde lyst til å få med seg meir av aktivitetane våre enn det dei hadde fått til så langt. Det kom ikkje fram at turane var for krevjande eller slikt, men at ein ikkje fekk tid grunna familie og andre tilhøve.
(men folkens - det er snakk om å prioritering ???)

Sak 2 - Aktiviteten framover

Det vart uttrykt stor tilfredsheit med aktiviteten vi har hatt til no, så det blir å halde fram i same sporet, men med enkelte justeringar. Alt om aktiviteten framover er elles samla under avsnitt 8 lenger nede.

Sak 3 - Lysbilete frå turane i sommar.

Roald og Rune synte bilete frå Solund-turen, frå Korssundområdet (tur til hytta til Geir), Kinnaturen og Bulandet.

At det er vakkert og storslått rett vest, fekk vi dokumentert i stort mon. Det kan vel hende at dette inspirerte og gav meirsmak for nokon og einkvar.

2. FØRSTE STEGET PÅ ETABLERING AV ELVEGRUPPE I SKK

Endeleg er det nokon i klubben som også vil satse på elvepadling. Laila Hjellvoll (ny medl.) og Frank Zwijnenburg er aktive i elv. Laila var viljug til å vere kontaktperson for "elvegruppa". Ho kan treffast på tlf.nr. 57 72 19 40 (jobb) og 57 82 14 78 (privat). Så no har elveinteresserte høve til å få til aktivitet i lag med andre. Ring Laila for informasjon og felles padling. Medlemsmøtet aklamerte at Laila blir nytt medlem i styret i SKK.

3. HEIMESIDA VÅR PÅ INTERNETT

Minner om at SKK også er å finne på internett. Adressa er: home.no.net/skajakk
Det har vist seg at medlemmane enno ikkje er blitt vane med å bruke sida. Nokre har nok vore inn og kikka, men det er null skriveaktivitet, det vere seg reservering av kajakk, oppslagstavla osv. Men, sida ligg no der, så vi får no sjå kor det utviklar seg.....
Oppdateringa har vore laber siste tida, men tar bruken seg opp så blir nok oppdateringsfrekvensen betre og !!

4. LÅN (LEIGE) AV KLUBBEN SINE KAJAKKAR

Minner og om at klubben har to gode kajakkar til låns/leige.
Den eine er ein Nordkap. Liten, rask og lettpadla, men uten ror. Den er likevel så retningsstabil at det går greitt når det ikkje er for mykje vind.
Den andre, type Eskimo, va r nyinnkjøpt i vår. Dette er ein fullblods havkajakk med gode sjøeigenskapar, store lasteluker og ror. Den er middels stor, relativt stødig og lettpadla.
Leiga er kr. 30,- pr. dag/kveld og kr. 50,- pr. døgn.
Leige av kajakk ordnar du med underteiknande (Rune).

5. TERJE SÆLE HAR STARTA SAL AV KAJAKKAR, KANOAR, PADLEKLE OG UTSTYR

Vi vil gratulere Terje med nytt firma. Namnet er "Terje Sæle Kajakk & Kano Sport". Han skal drive med sal av kajakkar og kanoar av mange ulike merke og typar og han vil og selje kle og anna padleutstyr. For alle som lurar på å investere i ny kajakk, kano, padlekle og anna utstyr, eller som har spørsmål om slikt, er det verdt å ta kontakt med han om det.
Terje held til i Naustdal og kan treffast på tlf. 57 81 97 24 (p) og 57 7 2 41 65 (j).

Klubben har og fått til ei rabattavtale med Terje Sæle Kajakk- og Kanosport. Medlemmar av SKK vil få 15% rabatt ved kjøp av kle og utstyr. Ved kjøp av kajakk må ein snakke med Terje for å avtale pris.

Terje har sagt seg viljug til å sponse klubben sine annonsar framover. Jamfør neste punkt. På vegne av klubben, vil eg få takke Terje for at han støttar klubben på denne måten.

6. ENDRING AV SAMARBEIDSAVTALA MED DIN SPORT

Grunna satsinga til Terje, er det naturleg at vi og gjer oss nytte av firmaet has med tanke på kjøp av kajakk eller utstyr. Avtala med Din Sport står ved lag og det set vi pris på, for den gir oss gode rabattar også på andre ting enn padleutstyr. Viss nokon har lyst til eller finn det mest praktisk å framleis handle padleutstyr hos Din Sport, så er det framleis mogeleg, men dei kjem ikkje til å ha noko serleg på lager. Varene må altså stort sett bestillast.

Sidan Terje Sæle no truleg vil overta mykje av omsettinga av padleutstyr, er det naturleg at sponseavtala med Din Sport opphøyrer. Heldigvis for klubben, så får vi altså ei tilsvarande avtale med Terje.

7. BYGGE EIGEN HAVKAJAKK?

Vi har fått eit nytt medlem som heiter Kjartan Berdal. Han er heimehøyrande Ålesund, men har no eit praksisår på SSSF. Han er aktiv i padlemiljøet i Ålesund og har god erfaring med å bygge havkajakkar i glasfiber. Det er svært gode og fine kajakkar han lagar. Du kan få laga ferdig kajakk med komplett rigging og utstyr. Han lagar og halvfabrikata der du gjere montering av kajakken og utstyret sjølv. Ta kontakt med Kjartan om dette er interessant. Du treff han på tlf. 57 82 13 78 (p) og 920 39 978 (mob).

8. OPPLÈGG FRAMOVER FOR OPPLÆRING, TRENING OG TURAR

På medlemsmøtet vart det snakka ein heil del om opplegget framover. Med bakgrunn i dette og erfaringane i klubben så langt, vil opplegget framover sjå ut som fylgjer:

Opplæring & Trening

Medlemmane er på varierende nivå både med tanke på ferdigheitsnivå og erfaring. Dette gir behov for opplæring på alle nivå. I tillegg er det behov for generelt fokus på tryggleiken i samanheng med padlinga. Det er ein svært trygg sport/aktivitet vi utøve viss vi gjer det vi kan i høve til dette.

Samstundes kan det vere små marginar før det oppstår ein kritisk situasjon, viss ein ikkje tenker føre var og er førebudd på det som kan skje.

Erfaringar i SKK og erfaringar dei har gjort seg i andre klubbar, tilseier at vi må ha endå meir fokus på dette og stille høgare krav til utøvarane. Difor vil vi utover hausten legge opp til både grunnopplæring og vidaregåande opplæring.

Det vi veit så langt at vi kjem til å gjennomføre, er fylgjande (innhaldet er ikkje heilt spikra):

I. Introduksjon til kajakk og padling - i symjehallen

Målsetting: Deltakarane skal "bli kjent med" kajakken og få info om padlesporten.

- sjå og lære om elv- og havkajakane
- lære å komme seg inn og ut av kajakken frå bassengkanten
- lære om balanseprinsipp i kajakk
- lære om og oppleve å komme seg ut av kajakken ved velt (utan trekk)

II. Grunnopplæring i symjehallen og ute

Målsetting: Lære å meistre kajakken under rolege tilhøve. Lære om og meistre nok om sikkerheit til å vere med på treningsøktene ute og på dagsturar i roleg ver/sjø.

- bekledning
- førebygging av belastningsskadar
- kameratredning
- lære om og oppleve å komme seg ut av kajakken ved velt med trekk, i basseng og sjø (ev. elv)
- ballanse/støttetak
- padletaket - intro
- innstilling av pedalar og ror
- manøvrering og svinging av kajakken

III. Påbygging 1 - Vidarekomen

Målsetting: Få kunnskap og ferdigheit til å vere med på lengre turar i moderat sjø og vind.

- riktig ernæring ved lange turar
- bekledning i all slags ver
- om varmetap og nedkjøling
- pakking av kajakk
- orientering/kartlesing
- meir om padletaket/padleteknikk
- langdistansepadling - teori og praksis
- eskimorulle i basseng og roleg sjø/elv
- surfing på bølger

I frå januar til april hadde vi trening i symjehallen på torsdagane frå klokka 21.00 til 22.00. Trass i den ugunstige tida, så var det stor interesse og oppslutnad om desse treningane. Det har vore brei interesse for å halde fram med denne treninga også denne vinteren. Det kjem vi til å gjere, men med litt anna organisering. På nyåret (hallen er ikkje ledig før), startar vi med grunnkurs og påbyggingskurs. Dette blir opplegg på dag- og kveldstid (fredag, laurdag og søndag). Meir informasjon vil komme om dette seinare.

I den grad det er interesse for det, vil vi halde fram med oppfylgjande trening i symjehallen frametter vinteren (deltakarane må altså anten ha vore med på kurs eller vore aktive ei tid).

For dei som har halde på ei stund, vil det og på sein kveldstid (21.00-22.00) vere mogeleg å få til trening i symjehallen. Dette må i tilfelle bli snakk om perfektjonering av eigen teknikk, m.a.o. blir det i utgangspunktet ikkje instruksjon. Dei som treng instruksjon, må i hovudsak innom grunnkurset, ev. påbyggingskurset først.

For spesielt interesserte vil vi truleg arrangere eit trenarseminar i samarbeid med NPF. Info om dette kjem seinare.

For å få ei oversikt over kor stor interessa er, vil eg be om at du sender meg tilbakemelding om og i tilfelle på kva du ynskjer å bli med. Dette er ikkje påmelding, altså ikkje bindande, men det er sjølvsagt bra at oversikta blir rettast mogeleg.

Send melding med post til meg (Rune Berge, Angedalsvegen 30, 6800 Førde), eller pr. telefon: 57 72 01 41/ 99 20 50 90 eller med e-brev til: skk@leikemiljo.no .

Det du kan velgje mellom, er fylgjande:

#	Aktivitet	Varigheit	Kostnad
---	-----------	-----------	---------

1	introduksjon til kajakk og padling	tre timar i basseng	gratis
2	grunnopplæring	ca. 12 timar	kr. 200,-
3	påbygging 1	ca. 15 timar	kr. 300,-
4	Trenarseminar	fr/laur/søn	?
5	trening laurdag 15.00 - 18.00	i basseng tre timar	kr. 50,-
6	trening (perfeksjonering), kveld	i basseng ein time	kr. 20,-
7	Trening/Turar på sjøen haust/vinter	to timar +/-	sveitte (?)

Ein må vere medlem i SKK for å delta på aktivitetane (unnateke introduksjonstreffet)

Turaktivitet

Nokre vil halde uteaktiviteten i gang også utover hausten og vinteren. Viss du ynskjer å vere mellom dei så hald kontakt med Roald eller Rune, så får du vite kva som skjer.

Turprogram for våren 2001 kjem vi tilbake til på nyåret

Redaksjonen avslutta for denne gong

Rune

PS 1: Kajakkane er framleis mykje ledige - både kvardag og helg.

PS 2: Viss du ynskjer å vite kven som er medlemmar, så få hjelp av nokon til å finne dette på heimesida vår.

Heimesida er som kjent: home.no.net/skajakk